

2.4.4 NORDAUSTARKTISK SEI

Sigbjørn Mehl

sigbjorn.mehl@imr.no

□ Status og råd

Seibestanden nord for 62°N er framleis i relativt god forfatning. Låg utnyttingsgrad etter 1995 har verka positivt på rekruttering og utvikling i bestanden (figur 2.4.4.1). 1999- og 2002-årsklassene var gode, elles har rekrutteringa i seinare år vore middels eller lågare. Bestanden var på eit historisk høgt nivå i 2000–2005, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gytebestand. Indeksane frå kysttøttet hausten 2008 er om lag 30 % under 2007-nivået, og dei lågaste sidan 1991.

Det vart i 2007 innført ein ny haustingsstrategi for nordaustarktisk sei, som ICES evaluerte til å vera i tråd med føre-var-tilnærminga. Med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet og utnyttingsgrad ifølgje haustingsregelen, vil bestanden bli enno meir redusert ned mot føre-var-nivå (220 000 tonn) dei nærmaste

åra. Havforskningsinstituttet tilrådde derfor at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsutbytte. Dette ville gje ein kvote for 2009 på maksimalt 214 000 tonn. Fiskeri- og kystdepartementet har fastsett kvoten for 2009 til 225 000 tonn.


Fiskeri

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 176 000 tonn i 2005, 212 000 tonn i 2006 og 197 000 tonn i 2007 (figur 2.4.4.2). Gjennomsnittsutbyttet for 1960–2007 var på 162 000 tonn. Kvoten for 2008 blei fastsett til 247 000 tonn, men samla utbytte blir på rundt 190 000 tonn. 2009-kvoten på 225 000 tonn er berre 9 % lågare enn 2008-kvoten, og om lag 40 % over gjennomsnittsutbyttet for 1960–2007.

Noreg dominerer fisket med over 90 % av landingane dei siste åra, og norsk utbytte i 2008 ser ut til å bli på rundt 170 000 tonn.




Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2007 var på 135 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 % av dei norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og jukse 15 %.



Figur 2.4.4.1

Utvikling av totalbestand (mørkt + lyst felt) og rekruttering som 3-åringar. Tala for 2009 og 2010, og for rekruttering i 2007 og 2008, er prognosar. Development of total stock (dark + light areas), spawning stock (dark area) and recruitment as 3-year-olds (bars). Figures for 2009 and 2010, and for recruitment in 2007 and 2008, are prognoses.



Figur 2.4.4.2

Utvikling av rapportert fangst av nordaustarktisk sei. Tala for 2008 er prognosar. Development of reported catch of Northeast Arctic saithe. Red part of bars shows the Norwegian catch. Figures for 2008 are prognoses.



Sei

Pollachius virens

Andre norske namn: Kod, seikod, mort, palemort, grønspar, pale

Familie: Torskefamilien

Maks storleik: 20 kg og 130 cm

Levetid: Opptil 30 år

Leveområde: Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya

Hovudgyteområde: På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen

Gytetidspunkt: Om vinteren med topp i februar

Føde: Raudåte, krill og andre pelagiske krepssdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel

Predatorar: Sel og kval

Særtrekk:

Opptrer i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2009:

ICES: mindre enn 225 000 tonn

Havforskningsinstituttet: 214 000 tonn

FASTSETT KVOTE 2009,

TOTAL: 225 000 tonn,

NORSK: 204 150 tonn

FASTSETT KVOTE 2008,

TOTAL: 247 000 tonn,

NORSK: 226 150 tonn

FANGST (PROGNOSE) SISTE ÅR (2008):

TOTAL: 190 000 tonn,

NORSK: 170 000 tonn

NORSK FANGSTVERDI (2007):

1000 mill. kroner

Northeast Arctic Saithe

ICES classifies the stock as being harvested sustainably. Fishing mortality is stable and has since 1995 been below the precautionary level. Since 1994, the spawning stock has been well above the precautionary level, but there has been a steep decline since 2005. The catch of Northeast Arctic saithe is at present above the long time average of about 160,000 tonnes. The ICES advice for 2009 was a

total allowable catch (TAC) of less than 225,000 tonnes, corresponding to the evaluated management strategy (harvest control rule) or lower. Norwegian authorities set the final TAC according to the adopted management strategy at 225,000 tonnes. At this exploitation level, the spawning stock is expected to decrease more towards the precautionary level of 220,000 tonnes over the next years.

Fakta om bestanden

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Den er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 m djup. Den opptrer ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepssdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta i norske farvatn er Lofoten, Haltenbanken, bankane utanfor Møre og Romsdal, Tampen og Vikingbanken i Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen. Yngelen

etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4-åring.

Sei finst berre i Nord-Atlanteren. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungssei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.

